

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 16/2019, 26. APRIL**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen,jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

## **STYREVAL 2019: FOR FÅ KVINNER NOMINERT**

Valstyret ved Høgskulen i Volda har vedtatt å utsette nominasjonsfristen for val av tilsettevalde representantar til høgskulestyret, fordi det vart nominert for få kvinner. Den nye nominasjonsfristen vart sett til fredag 26. april kl 10.00. Valstyret vil informere alle tilsette om resultatet av utsett nominasjonsfrist fredag ettermiddag.

Valgstyrets nettsider: <https://www.hivolda.no/val>

## **MØTE I HØGSKULESTYRET 2. MAI: HER ER STYRESAKENE**

Høgskulestyret har sitt nest siste styremøte i vår torsdag 2. mai. Sakspapira til møtet er no tilgjengeleg på nettsidene.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

## **SAMORDNA OPPTAK 2019: VOLDA AUKAR FOR TREDJE ÅR PÅ RAD**

Fristen for å søke studieplass i Samordna opptak gjekk ut 15. april, og tala vart offentleggjort 25. april. For HVO samla sett er det ein auke på ca 1 prosent i talet på studentar som har eit studium ved Høgskulen på Volda som høgste prioritet. I 2016 og 2017 auka søkjartala med 7-8 prosent.

Dei siste åra har litt over halvparten av studentane ved høgskulen fått studieplass gjennom samordna opptak medan resten får plass gjennom lokalt opptak. Les meir om dette på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/nyhende/samordna-opptak-fleire-vil-studere-ved-hogskulen-volda>

## **SAMORDNA OPPTAK 2019 (2): STERK AUKE I MOLDE**

Høgskolen i Molde har ein auke i søkjartala på nesten 20 prosent. Molde har blant anna god søking på nye studietilbod i Kristiansund. NTNU Ålesund har ein nedgang på ca 5 prosent. Nasjonalt er det ein nedgang i søkartala på 2,3 prosent.

## **DOKUMENTARFILMFESTIVALEN 24.-28. APRIL**

Den norske dokumentarfilmfestivalen i Volda (Dokfilm) går 24.-28. april, og i år ønskjer festivalen å opne for nye sjangrar og ha fleire arrangement. Dokfilm har booka blant anna Solveig Kloppen, Netflix og Marlon Langeland til å halde foredrag om dokumentarseriar og opplevingar. I tillegg har dei også booka festivalen sin første artist, Myra.

<https://www.hivolda.no/nyhende/dokfilm-satsar-nytt-og-stort>

## **NYNORSKKONFERANSEN 2019: NASJONAL KONFERANSE PÅ HAMAR 19.-20. NOVEMBER**

Nynorsksenteret arrangerer sin årlege Nynorskkonferanse på Hamar 19.-20. november 2019. Målgruppa er lærarar og lærarutdannarar. Hovudtemaet er god nynorskopplæring med utgangspunkt i nye læreplanar som skal takast i bruk frå hausten 2020.

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

## **NOKUT VIL HA PERIODISK TILSYN MED HØGSKULEN I 2020**

Det nasjonale kvalitetsorganet NOKUT har varsla at dei i 2019-2020 vil gjennomføre eit periodisk tilsyn med kvalitetssystemet ved Høgskulen i Volda og fire andre høgskular. Tilsynet går ut på å vurdere korleis kvalitetssystemet fungerer i praksis, altså om fagmiljø, studieadministrasjon og leiing gjer det dei skal i tråd med kvalitetssystemet. NOKUT vil velje ut nokre studietilbod som skal inngå i tilsynet. Frist for å sende inn dokument vert 31. januar og våren 2020 vil ein sakkunnig komite vil også kome til Volda og ha samtalar med fagmiljø, administrasjon og leiing. Erfaringa frå andre institusjonar er at det er eit svært stort arbeid å samle inn og presentere alle dokumenta som NOKUT ønskjer seg - vi snakkar om tusenvis av sider - så det er aktuelt å tilsette ein koordinator for arbeidet for hausten 2019.

## **ENDRINGAR I FORSKINGSADMINISTRASJONEN**

Ola Teige går inn som vikarierande forskingssjef i 50 prosent stilling når noverande forskingssjef Henriette Hafsaas går ut i permisjon. Teige vil halde fram med å ha kontor på Strøm-huset. Ingvild Krogh er nyttilsett i deltidsstilling i Forskingsadministrasjonen med særleg ansvar for personvern og forskingsdata. Ho har tidlegare arbeidd blant anna i NSD (Norsk senter for forskingsdata). Forskingsadministrasjonen har felles e-postadresse:

[fou@hivolda.no](mailto:fou@hivolda.no)

## **OPE FØREDRAG MED BIBLIOTEK-ARKITEKT AAT VOS**

Den nederlandske arkitekten Aat Vos er rådgjevar for HVO-biblioteket når framtidias bibliotek skal planleggast. Vos held eit ope føredrag på Kaarstad 306, måndag 29. april kl 09.00 – 10.30.

I Noreg er Aat Vos kjend for å ha designa fleire av Deichman filialane som Tøyen, Furuset og Stovner i Oslo. Han står blant anna bak suksessen BibloTøyen, eit leikande bibliotek for ungdom frå 10 – 15, der det er forbode for vaksne. BibloTøyen var nominert til "Library of the Year" i samband med den prestisjetunge prisutdelinga "The London Book Fair International Excellence Awards" i 2018. Aat Vos designer også nye Deichmanske bibliotek i Bjørvika.

## **PÅMINNING: FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI**

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlister for hausten 2019, og fagmiljøa må planlegge godt for å rekke fristen. Oversyn over kva emne som har fått ferdig sine pensumlister vil kome i løpet av mai.

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

29.4.2019: Ope føredrag ved Aat Vos, bibliotekarkitekt, Kaarstad 306, kl 09.00 – 10.30.

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

6.5.2019: Næringsutvalet i Møre og Romsdal fylke, møte på HVO.

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert.

<https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbase i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk.

<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## **REKTORBLOGGEN**

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av stramproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>